



Gol kommune



# Plan for norsk språkutvikling 0-6 år Barnehagane i Gol

Del av plan for 0-16 år for barnehage og skule i Gol kommune

Gol barnehage  
September 2016

Samarbeidspartar: føresette, helsestasjon, bibliotek, PPT

Fyrste gong utarbeida i 2008

## **INNHALD**

Føreord	side 2
Barnehagealder 0 - 6 år	side 3
Rutinar for kva som skal gjerast når eit barn ikkje når målet	side 12
Saksgang og framgangsmåte – spes.ped.rutinar (frå intranettet Gol)	side 13

## FØREORD

Språkplan for barnehagane er revidert etter gjennomføring av prosjektet Felles løft for tidleg innsats i Hallingdal som hadde hovudvekt på språkleg og sosial utvikling i 2011-2012. Prosjektet har gitt mykje ny og oppdatert kunnskap om språkleg utvikling og læring hos barn frå 0-6 år. I tillegg er kunnskap frå vidareføring av prosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 2 Overgang barnehage – skule 2012-2014 med i revidering av planen. Frå steg 2 er tema førebuande lese- og skriveopplæring, språkleg bevisstheit og begrepsutvikling innarbeida i planen

Språkutvikling er noko av det mest betydingsfulle som skjer i eit barns liv.

Språk gjev moglegheit for kommunikasjon, identitet og å høyre til i eit fellesskap.

Ved hjelp av språk lærer barnet å forstå seg sjølv og omverda. Dette er avgjerande for den vidare utviklinga til barnet – både intellektuelt, sosialt og emosjonelt.

### Barnehagen

Tidleg og god språkstimulering handlar om å gje barn eit godt grunnlag for å lære og å delta aktivt i fellesskapet i barnehagen i leik og andre aktivitetar. Tidleg og god språkstimulering er difor ein viktig del av innhaldet i barnehagen ikkje minst med tanke førebuande lese- og skriveopplæring.

Alle i personalet i barnehagane i Gol har gjennom prosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 1 og steg 2 fått ny kunnskap om grunnleggjande språkutvikling, førebuande lese- og skriveopplæring og ikkje minst metodar for korleis personalet skal arbeide og vere bevisst på eiga rolle for å stimulere og støtte barna. Gol barnehage har utarbeida eit årshjul med plan for repetering av tema i prosjektet for å halde på kompetansen og gje opplæring til nye tilsette.

### Skulen

Å lære barn lesekunst er den viktigaste oppgåva skulen har. Gode leseferdigheiter opnar vegen inn til vår kultur, til litteraturen si verd, til kunnskap på ulike fagfelt og gjev større valfridom.

Skulen skal fokusere på dei grunnleggjande ferdigheitene: - å kunne uttrykkje seg munnleg, å kunne lesa, å kunne uttrykkje seg skriftleg, å kunne rekne og å kunne bruke digitale verktøy.

For å sikre ei kontinuerleg utvikling av dei grunnleggjande ferdigheitene, må desse ferdigheitene integrerast på alle nivå og i alle fag i skulen. Det vil seie at alle faglærarar også må vera norsklærarar når dei hjelper elevane sine til å forstå teksten i dei ulike faga. Barnehagelærarane må ha noko kunnskap om skulen sine opplæringsplanar innan språk, begrep og matematiske ferdigheiter i småskulen på lik line som lærarne må vite om kva barnehagen arbeider med på dei same områda for å få eit heilheitleg læringsløp for barna frå barnehage til skule.

Planen er forpliktande for alle som arbeider i barnehage og skule i Gol kommune og er eit tenleg verktøy i det daglege arbeidet med språkutvikling og opplæring i lesing og skriving.

Gol helsestasjon, Gol bibliotek, PPT og OT for nedre Hallingdal og Læringsssenteret Gol deltok i utarbeidinga av språkplanen då den vart laga i 2008. Samarbeidet om språkutvikling på tvers av fagfelt opnar for informasjonsflyt, kompetansespreiing og felles haldningar. For å kunne skapa eit betre læringsmiljø for barn og unge, er det viktig at det frå alle hald blir sett sterkare og meir bevisst fokus på:

- tidleg innsats
- språkutvikling
- munnleg aktivitet
- leseopplæring
- leseforståing
- evne til skriftleg framstilling
- aktuelle og nødvendige tiltak når mål ikkje blir nådd

For barnehagen er Plan for norsk språkutvikling 0-16 år ei konkretisering av rammeplanen, for skulen ei konkretisering av læreplanverket Kunnskapsløftet.

Når barn ikkje når mål: Sjå egne vedlegg.

	MÅL	TILTAK	KARTLEGGJING	FORELDRE-SAMARBEID	ANDRE SAMARBEIDS-PARTAR
<b>0-2 år</b>	<b>Vere bevisst på at barn er ulike og utviklar seg i ulikt tempo</b>		<b>Observasjons-verktøy som brukes ved behov</b>		
<b>LYTTE FORSTÅ</b>	<p><b>0-1 år</b></p> <p>Kunne gi tilbakemelding på kontakt og kroppsspråk, ved å smile og herme</p> <p>Kunne gi respons på egne namn</p> <p><b>1-2 år</b></p> <p>Kunne vise kva det er interessert i</p> <p>Kunne vise interesse for gjenstandar</p> <p>Forstår kvardagsytringar eks i forhold til mat, søvn, leik.</p> <p>Begynne å forstå begrepet farger</p>	<p>Song, musikk, rytme</p> <p>Peikebøker</p> <p>Rim og regler</p> <p>Konkreter, Ha rikelig tilgang til konkrete som dyr, kjøretøy, koppestell</p> <p>Leik med gjenstandar</p> <p>"Snakkepakken"</p> <p>Samarbeid med biblioteket</p> <p><b>Vaksenrolla:</b> Bekreft barnet Vera seg bevisst at barnet kopierer det det ser og er sensibel for følelsar Vera god språkmodell, nemne og forklare, lytte; språkleg bevisstheit La barnet delta. Barn lærer gjennom førstegongserfaring</p> <p>BU (begrepsutvikling) med fokus på former og farger (Sjå overgangsplan bhg-skule, for progresjon) Fokus på ein farge av gangen (fortrinnsvis primærfargene)</p>	<p>Samspel barn/vaksne</p> <p>Kontaktbarometer</p> <p>«By barnet opp til dans»</p> <p>Eva-test (bamsetest)</p>	<p><b>Bevisstgjøring av forelderrolla:</b></p> <p>Verdien av morsmål</p> <p>Gode språkmodellar</p> <p>Verdien av høgtlesing</p> <p>Verdien av barnesong</p> <p>Språk som tema</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- i dagleg kontakt</li> <li>- i foreldresamtalar</li> <li>- på foreldremøte</li> </ul> <p>Viktig å formidle at barn er ulike og utviklar seg i ulikt tempo</p>	<p><b>HELSESTASJONEN:</b> Fokus på verdien av språkstimulering</p> <p>Oppfordre foreldre til å lære norsk for å støtte og følge opp barna sin sosiale utvikling og læring.</p> <p>Inviterer biblioteket på eventuelle tematreff for å presentera seg</p> <p><b>GOL LÆRINGSSENTER:</b> Leggje vekt på verdien av morsmål og språk generelt, og gjera foreldre kjende med bibliotektilbodet.</p> <p>Hjelpe til med å overføre informasjon frå andre til foreldre/elevlar ved læringscenteret</p> <p><b>BIBLIOTEK:</b> Biblioteket tek i mot besøk frå barnehagane og hjelper barnehagetilsette og føresette å finne bøker som er egna til barna</p>

Når barn ikkje når mål: Sjå egne vedlegg.

	MÅL	TILTAK	KARTLEGGJING	FORELDRE-SAMARBEID	ANDRE SAMARBEIDSPARTAR
<b>0-2 år</b>	Vere bevisst på at barn er ulike og utviklar seg i ulikt tempo		Observasjonsverktøy som brukes ved behov		
UTTRYKKJE SEG MUNNLEG	<p><b>0-1 år</b> Kunne bable og laga lydar Opp mot 1 års alder: kunne si få enkle ord som mamma, pappa, lys</p> <p><b>1-2 år</b> Kunne uttrykkje seg gjennom kroppsspråk Opp mot 2 års alder: Kunne 20-50 enkle ord Kunne setja saman 2-3 ord til enkle setningar</p>			Oppfordre foreldre til ikkje å snakke «Baby-språk»	

	MÅL	TILTAK	KARTLEGGJING	FORELDRE-SAMARBEID	ANDRE SAMARBEIDSPARTAR
<b>2-3 år</b>	<b>Vere bevisst på at barn er ulike og utviklar seg i ulikt tempo</b>		<b>Observasjonsverktøy som brukes ved behov</b>		
<b>LYTTE FORSTÅ</b>	<p>Vise interesse for bøker/rim/regler</p> <p>Forstå matematiske begrep som liten, stor, tom, full.</p> <p>Følgje instruks som: «Vis meg...»</p> <p>Forstå kvar-/kven-/kva-spørsmål</p> <p>Kunne forstå følelsesord som sint, lei seg, glad</p> <p>Kunne forstå enkle beskjedar som «...hent skoa dine...»</p>	<p>Rim og regler</p> <p>Biletbøker</p> <p>Song, musikk, rytme</p> <p>Tilgjengeleg leikemateriell som innbyr til leik med størrelsar, form og farge, spel</p> <p>Formidling gjennom "Snakkepakken"</p> <p>Sanstimulering, lytte; språkleg bevisstheit</p> <p>Speiling, barn og vaksne som språkmodellar</p>	<p>SATS Ved 2-års kontroll (Helsestasjonen)</p> <p>EVA-test (bamsetest)</p> <p>TRAS (tas på alle for å bevisstgjere personalet ved ca. 3 år)</p> <p>By barnet opp til dans</p> <p>Kontaktbarometer (samspel barn-vaksen)</p>	<p><b>Bevisstgjer av foreldrerolla:</b></p> <p>Verdien av morsmål</p> <p>Gode språkmodellar</p> <p>Verdien av høgtlesing</p> <p>Verdien av barnesong</p> <p>Språk som tema</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- i dagleg kontakt</li> <li>- foreldresamtalar</li> <li>- på foreldremøte</li> <li>- Viktig å formidle at barn er ulike og utviklar seg i ulikt tempo</li> </ul>	<p><b>HELSESTASJONEN:</b></p> <p>Fokus på verdien av språkstimulering. Inviterer biblioteket på eventuelle tematreff for å presentera seg</p> <p><b>GOL LÆRINGSSENTER:</b></p> <p>Leggje vekt på verdien av morsmål og språk generelt, og gjera foreldre kjende med bibliotek-tilbodet</p> <p>Hjelpe til med å overføre info. frå andre til foreldre (elevar)</p> <p><b>BIBLIOTEK:</b></p> <p>Biblioteket tek i mot besøk frå barnehagane og hjelper barnehagetilsette og føresette å finne bøker som er egna til barna</p>
<b>UTTRYKKJE SEG MUNNLEG</b>	<p>Stille spørsmål med tonefall</p> <p>Bruke verb</p> <p>Bruke ord frå dagleglivet</p> <p>Bruke minst 3-4 ord-setn.</p> <p>Bruke nektande ord som nei og ikkje</p> <p>Kunne bruke nokon farger</p>	<p>Gjentaking</p> <p>BU med fokus på form og farge (sjå plan overgang bhg-skule, for progresjon). Fokus på ein farge av gangen (fortrinnsvis primærfargene)</p>			

Når barn ikkje når mål: Sjå egne vedlegg.

	MÅL	TILTAK	KARTLEGGJING	FORELDRE-SAMARBEID	ANDRE SAMARBEIDS-PARTAR
<b>2-3 år</b>	Vere bevisst på at barn er ulike og utviklar seg i ulikt tempo		Observasjons-verktøy som brukes ved behov		
LESA		Tilgjengelege tilpassa bøker, gjentaking Dialogisk lesing			
SKRIVE		Stimulere til leikeskriving Bruke skjema med oversikt over utvikling av blyantgrep og forventa teikneutvikling utarbeida av barnehagar i Ål kommune som støtte i arbeidet			

Når barn ikkje når mål: Sjå egne vedlegg.

	MÅL	TILTAK	KARTLEGGJING	FORELDRE-SAMARBEID	ANDRE SAMARBEIDSPARTAR
<b>3-4 år</b>	<b>Vere bevisst på at barn er ulike og utviklar seg i ulikt tempo</b>		<b>Observasjonsverktøy som brukes ved behov</b>		
<b>LYTTE FORSTÅ</b>	<p>Kunne forstå uttrykk med preposisjonar</p> <p>Forstå enkle nektande setningar</p> <p>Kunne forstå tyding av ein del abstrakte begrep som kald, varm, våt</p> <p>Forstå generelle beskjedar</p>	<p><b>Byggje på barna sine interesser når det gjeld:</b></p> <p>Lytte; språkleg bevisstheit</p> <p>Song, musikk, rytme</p> <p>Rim og regler</p> <p>Høgtlesing, bruke bøker m/bilete og tekst</p>	<p>SPRÅK 4 (for alle 4 åringar på Helsestasjonen)</p> <p>TRAS</p> <p>ALLE MED</p> <p>ASKELODDEN</p> <p>NYA SIT</p>	<p><b>Bevisstgjerjing av foreldrerolla:</b></p> <p>Betydning av morsmål</p> <p>Gode språkmodellar</p> <p>Verdien av høgtlesing</p> <p>Verdien av barnesong</p> <p>Språk som tema</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- i dagleg kontakt</li> <li>- foreldresamtalar</li> <li>- på foreldremøte</li> <li>- Viktig å formidle at barn er ulike og utviklar seg i ulikt tempo</li> </ul>	<p><b>GOL HELSESTASJON:</b> (synskontroll 4 år, hørseltest blir tatt ved forespørsel)</p> <p><b>GOL LÆRINGSSENTER:</b> Leggje vekt på verdien av morsmål og språk generelt, og gjera foreldre kjende med bibliotektilbodet.</p> <p>Hjelpe til med å overføre informasjon frå andre til foreldre/elevlar ved læringscenteret.</p> <p><b>BIBLIOTEK:</b> Biblioteket tek i mot besøk frå barnehagane og hjelper barnehagetilsette og føresette å finne bøker som er egna til barna.</p>
<b>UTTRYKKJE SEG MUNNLEG</b>	<p>Kunne bruke spørjeord som kven, kva, kvar</p> <p>Kunne bruke overbegrep (dyr, frukt osv.)</p> <p>Kunne uttrykke seg relevant i forhold til situasjon</p> <p>Kunne føre dialog over litt tid</p> <p>Kunne formulere egne ønskjer</p> <p>Kunne formulere seg verbalt Kunne bruke 4 ord i rett rekkefølge</p> <p>Ved 4-års alder: kunne gradbøye, fortid, nåtid og bruk av fleirtall</p>	<p>Spel</p> <p>Formidling gjennom "Snakkepakken"</p> <p>Rolleleik</p> <p>Språkleikar</p> <p>Delta i daglege gjeremål - byggje på barn sine interesser</p> <p>Dramatisere med ulike verkemiddel som seg sjølv, teaterdokker m.m.</p>			



Når barn ikkje når mål: Sjå egne vedlegg.

	MÅL	TILTAK	KARTLEGGJING	FORELDRE-SAMARBEID	ANDRE SAMARBEIDSPARTAR
<b>3-4 år</b>	<b>Vere bevisst på at barn er ulike og utviklar seg i ulikt tempo</b>		<b>Observasjonsverktøy som brukes ved behov</b>		
<b>UTTRYKKJE SEG MUNNLEG...</b> - framhald	Kunne bruke setning med preposisjonar Kunne binde saman setningar med "og" og "men" Kunne sette ord på idear og følelsar. M,n,p,d,b,t er på plass. Ved 4-års alder er dei fleste lydar på plass Kunne bruke fargenamn på primærfargene Bruker matematiske begrep som liten, stor, tom Kunne rekketelle til 4, par-koble til 4	BU med vekt på form, farge, størrelse (Sjå overgangsplan barnehage-skule, for progresjon)			
<b>LESA</b>	Kjenne att ordbilete på eige namn	Ha bokstavar og tal tilgjengeleg i leiken			
<b>SKRIVE</b>		Tilrettelagt for leikeskriving	Ved behov bruke skjema med oversikt over utvikling av blyantgrep og forventa teikneutvikling utarbeida av Nordbygdene bhg, Ål		

	MÅL	TILTAK	KARTLEGGJING	FORELDRE-SAMARBEID	ANDRE SAMARBEIDSPARTAR
<b>5-6 år</b>	<b>Vere bevisst på at barn er ulike og utviklar seg i ulikt tempo</b>		<b>Observasjonsverktøy som brukes ved behov</b>		
<b>LYTTE FORSTÅ</b>	<p>Kunne sortere ting i kategoriar</p> <p>Kunne gradbøying av ein del adjektiv</p> <p>Kunne høyre rimelydar</p> <p>Vise interesse for bokstavar og ord</p> <p>Ha kjennskap til At det fins ulike dialektar (deriblant Halling) og språk.</p> <p>Barnet kan følgje oppfordringar med fleire ledd: «Når du er ferdig å spise, går du på do før du går i garderoben»</p>	<p>Rolleleik, samleik over tid</p> <p>Leik med ord og bokstavar (språkleg bevisstheit)</p> <p>Konsentrasjon</p> <p>Gjenkalling (hukommelse)</p> <p>BU (Sjå overgangsplan barnehage-skule, for progresjon)</p> <p>Eventyr/dramatisering</p> <p>Song, musikk, rytme</p> <p>Rim og regler</p> <p>Framhaldsbøker</p> <p>Lydbøker</p> <p>Spel</p> <p>Formidling gjennom "Snakkepakken"</p> <p>IKT</p> <p>Nyttig litteratur, praktisk og teoretisk, for barnehage-alder:  <i>"Språkleker"</i> av Jørgen Frost            Bruke eksempel frå "Plan for språkstimulering i barnehagane i Seljord", teori- og praksisperm og "Leik med språket" av logoped Bjørg Bøhn</p>	<p>RINGERIKSMATERIALET</p> <p>TRAS</p> <p>ALLE MED</p> <p>ASKELODDEN</p> <p>OBSERVASJONAR</p> <p>Språk 5-6</p> <p>Nya Sit</p>	<p><b>Bevisstgjerjing av foreldrerolla:</b></p> <p>Verdien av morsmål</p> <p>Gode språkmodellar</p> <p>Verdien av høgtlesing</p> <p>Verdien av barnesong</p> <p>Språk som tema</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- i dagleg kontakt</li> <li>- foreldresamtalar</li> <li>- på foreldremøte</li> <li>-</li> </ul> <p>Tettare samarbeid med tanke på overgang barnehage/skule</p>	<p><b>GOL HELSESTASJON:</b> Kontroll siste året før skulestart.</p> <p><b>GOL LÆRINGSSENTER:</b> Leggje vekt på verdien av morsmål og språk generelt, og gjera foreldre kjende med bibliotektilbodet.</p> <p>Hjelpe til med å overføre informasjon frå andre til foreldre/evevar ved læringscenteret.</p> <p><b>GOL SKULE:</b> Sjå overgangsplan barnehage-skule for Gol kommune.</p> <p><b>BIBLIOTEK:</b> Biblioteket tek i mot besøk frå barnehagane og hjelper barnehagetilsette og føresette å finne bøker som er egna til barna.</p>

	MÅL	TILTAK	KARTLEGGJING	FORELDRE-SAMARBEID	ANDRE SAMARBEIDSPARTAR
<b>5-6 år</b>	<b>Vere bevisst på at barn er ulike og utviklar seg i ulikt tempo</b>		<b>Observasjonsverktøy som brukes ved behov</b>		
<b>UTTRYKKJE SEG MUNNLEG</b>	Kunne fortelje ei historie Kunne gjera seg forstått med god uttale Kunne rett form av eintal og fleirtal Kunne framtidsform av verb Kunne stille kvifor-/korleis-spørsmål?? Kunne beskrive noko som har hendt, skal hende?? Kunne bruke fordi-setningar Kunne fortelje noko om kva ein ting er Rekkjetelle til 10 Kunne par-kople				
<b>LESA</b>	Kjenne igjen og si namnet sitt Rime med lydar Kjenne igjen framlyden i ord				
<b>SKRIVE</b>	Før skulestart: Skrive namnet sitt	Rett blyantgrep med rett type blyant Bruke skjema med oversikt over			

Når barn ikkje når mål: Sjå eige vedlegg

	MÅL	TILTAK	KARTLEGGJING	FORELDRE-SAMARBEID	ANDRE SAMARBEIDSPARTAR
<b>5-6 år</b>	Vere bevisst på at barn er ulike og utviklar seg i ulikt tempo		Observasjonsverktøy som brukes ved behov		
	Leikeskrive	utvikling av blyantgrep og forventa teikneutvikling utarbeida av barnehagane i Ål kommune som støtte i arbeidet			

Rutinar for kva som skal gjerast når eit barn ikkje når mål:

### Barnehage:

- 1) Ved introduksjonssamtalen i barnehagen: kartlegge om det er språkvanskar i familien, og om barnet sin generelle utvikling frå det blei født.
- 2) Ved bekymring tek pedagogisk leiar ansvar for observasjon, opprette «undringsskjema» (tidslinje over systematisk observasjon).  
Bruke observasjonsverktøy og kartleggingar som: TRAS, ALLE MED, SPRÅKVEILEDEREN (sjå i kartleggingskolonna i planen – eller andre kartleggingsverktøy ved behov).  
Orienterer dagleg leiar og styrar/avdelingsleiar.
- 3) Pedagogisk leiar tek ansvar for samtale/samarbeid med heimen.
- 4) Tiltak i barnehagen kan vere språkgruppe og/eller spesiell trening. Pedagogisk leiar i samarbeid med dagleg leiar tilrettelegg tiltaka. Styrar/avdelingsleiar er informert.
- 5) Dagleg leiar søkjar eventuelt om ekstra ressursar.
- 6) Ved behov for ytterlegare tiltak: Følgje handbok for spes.ped.rutinar (intranettet). Sjå også vedlagt oversikt over saksgang. Gjennomføre førtilmeldingsmøte med PPT.

### Helsestasjonen:

- 1) Generelt frå fødselen: fokus på samspelet mellom barn og foreldre.
- 2) Ta hørselstest.
- 3) Ved dårleg språk ved 2 års kontroll, følgje opp samarbeid med aktuelle samarbeidspartar generelt.
- 4) Spørje om samtykke hjå foreldre til samarbeid med barnehage dersom det oppstår bekymring ved alderskontrollar spesielt.
- 5) **Vera spesielt merksam på utviklinga hjå barn som ikkje går i barnehage. Gå vidare med saka ved bekymring.**

# SAKSGANG OG FRAMGANGSMÅTE BARNEHAGE



